




## SFO-kvalitetsplan for Vindafjord 2020-2023



Cecilia Björnekull Design 2009



## Innhold

Ansvar og vedtekter:	3
SFO i Vindafjord kommune:	3
Mål og verdigrunnlag:	4
Hovudområde .....	5
Leik.....	5
Mål: Alle barn i SFO skal oppleve glede i leik og læring ved å kunne utfalte seg i fri og organisert leik.	5
Kjenneteikn på måloppnåing:	5
Forslag til tiltak:.....	5
Kultur og kreativitet.....	5
Mål: Alle barn i SFO skal få oppleve meistring og skaparglede gjennom å delta i kulturaktivitetar og gjerne få formidla litt av sin eigen kultur.....	5
Kjenneteikn på måloppnåing:	6
Forslag til tiltak:.....	6
Sosial kompetanse .....	6
Mål: Alle barn i SFO skal oppleve omsorg, trivsel og trygghet som støttar og fremmar utviklinga deira av sosial kompetanse. ....	6
Kjenneteikn på måloppnåing:	7
Forslag til tiltak:.....	7
Fysisk aktivitet og helse.....	8
Mål: Alle barn i SFO skal oppleve glede og meistring i fysisk aktivitet og friluftsliv i tilknyting til lokalmiljøet. ....	8
Kjenneteikn på måloppnåing:	8
Forslag til tiltak:.....	8
Evaluering:.....	9
Vedlegg:.....	10
Døme på månedsplan:.....	10
Døme på handbok/brosjyre:	12





## Ansvar og vedtekter:

Vindafjord kommune eig og driv skulefritidsordninga ved alle grunnskulane i Vindafjord i tråd med krava i Opplæringslova § 13-7 med eventuelle forskrifter og følgjer retningslinjene som er vedtatt av kommunestyret 20.10.2019. Vedtekten er å finne på Vindafjord kommune si heimeside under fana SFO. All påmelding skjer frå skuleåret 2019/20 digitalt via same fane, som tar deg vidare til Visma-flyt skole, der du som føresett loggar deg inn med ei av typane elektronisk vegar du finn der.

Samarbeidsutvalet, SU, ved skulen er den lokale styringsgruppa for skulefritidsordninga. Når SFO-saker blir handsama, blir SU supplert med koordinator i SFO. Denne planen blir handsama ved SU hausten 2019.

### SFO i Vindafjord kommune:

Vindafjord kommune opererer fem ulike tilbod med og utan morgen-SFO. I praksis vil dette seie at ein kan velje dag fritt med eller utan morgen. Slutt-tida på SFO er 16:30. Det er i tillegg mogleg å kjøpe feriepakkar. Sjå [Vindafjord kommune](#) for å lese vedtekten og prisar på SFO-tilbodet. Føresetnaden for å gi eit tilbod, er minst 5 påmelde barn. Ferie-SFO er lagt til Ølen og Skjold skular. Barn med særskilde behov har etter opplæringslova rett på eit tilbod i SFO frå 1.-7-klassen, medan andre har rett på tilbod 1.-4.klasse.





## Mål og verdigrunnlag:

Alle SFO-ar i Vindafjord set utøving av vaksenrolla og barnet si stemme høgt. Barnekonvensjonen artikkel 12 gir barnet rett til å sei si meining og å bli lytta til. Artikkel 12 skal fremja barnets beste, dette er også nedfelt i opplæringslova §9A. Der står det at elevane skal bli engasjert i planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet for helse, miljø og sikkerhet ved skulen. Dette gjeld også for skulefritidsordninga.

I Vindafjord vil me jobbe etter desse fire områda:

- Leik
- Kultur & kreativitet
- Sosial kompetanse
- Fysisk aktivitet og helse

Utøving av områda skal vere med på å utvikle eit godt og trygt læringsmiljø for alle elevane våre. Me vil også prøve og støtte skulen i arbeidet med å bygge opp under læringsprosessane ved å arbeide systematisk og kunnskapsbasert; der det er naturleg. Dei grunnleggande ferdighetene som skal vektleggast gjennom alt arbeid i SFO. I SFO jobbar me etter ulike tema som er å finne i den enkelte SFO sine årsplaner. SFOane organiserer slik at det passer best for dei, nokre samarbeider med barnehage og andre har tilsette som arbeider både på skule og i SFO. Det viktigaste er at ein har områda som er skisserte i planen med i planlegging og gjennomføring av SFO-tilbodet.

Det er i tillegg viktig å legge vekt på at dette er borna si **fritid**, dei skal få lov til å leike, finne ut kva dei vil gjere, leike seg «ferdig», knyte venskap, kjede seg litt, slappe av, dei skal vera trygge på dei vaksne på SFO. Dei vaksne er rettleiarar og «trenarar» som i samhandling med barna skal legge vekt på den gode samtalens og ikkje vera «dommar» dersom barna ikkje føl reglane.

Mange av skulane har gode uteområde som det viktig og nyttig at SFO bruker.





## Hovudområde

### Leik

**Mål:** Alle barn i SFO skal oppleve glede i leik og læring ved å kunne utfalde seg i fri og organisert leik.

Leiken er ein viktig del av barn si utvikling. Den gir rom for utfalding, kreativitet og læring og kan føre til forståing og vennskap på tvers av alder, språklege og kulturelle forskjellar.

På SFO skal barna kunne utfalde seg, oppleve meistring og ha det moro. Det er viktig at det blir lagt til rette for frileik, organisert leik og å kunne ta det med ro.

Gjennom leiken får barn gode forhold til å lære seg å kommunisere og samhandle med andre. Dei får arbeide med opplevelingar og følelsar. Leik inngår i mange typar aktivitetar, og det er derfor viktig å sjå dette som ein del av heile tilbodet.

#### **Kjenneteikn på måloppnåing:**

- Personalet motiverer for læringsfremmande leik, i frie og organiserte aktivitetar
- Barna opplever ei positiv fritid og følelse av meistring gjennom leik
- Barna får utforske gjennom leik
- Barna blir stimulert til å knyte vennskap

#### **Forslag til tiltak:**

- Legge til rette for fri og organisert leik
- Engasjere seg i barnet og barnet sine interesser
- Involvere seg i leiken og vurdere støtte og hjelp
- Foreslå og vise korleis ein leiker for eksempel gjennom rolleleik
- Gi barna sjanse til å lære og trenere på reglar og sosiale ferdigheter

## Kultur og kreativitet

**Mål:** Alle barn i SFO skal få oppleve meistring og skaparglede gjennom å delta i kulturaktivitetar og gjerne få formidla litt av sin egen kultur.

Kunst og kultur stimulerer til bruk av fantasi og kreativitet og skaper rom for fellesskap og estetiske opplevelingar. Kultur er viktig for å utvikle identitet, forstå seg sjølv og andre i eit historisk og kulturelt



mangfald. Det å kunne nyte seg av nærmiljøet og bli kjent med tradisjonar og lokal kultur, gir rom for å skape noko felles og utvikle eit godt miljø for barna med kulturaktivitetar som er kjende og nære. Me vil også utfordre elevar med annan kulturell bakgrunn til å formidle kulturen og kunsten sin til andre i SFO.

Gjennom å legge til rette for kunst og kultur får barna oppleve og delta i kulturaktivitetar. Me vil spele på det dei tilsette kan og er flinke til innan kunst og kultur. Gjennom årsplanen til den enkelte SFO vil me knyte årstidene og høgtidsmarkeringar til ulike kunst og kulturuttrykk. Me vil også ha fokus på ulike matkulturar via måltida våre.

Kulturaktivitetar kan vere biletkunst, kunsthåndverk, musikk, dans, drama, litteratur, film, foto, arkitektur og design. Det kan også vera forskjellig barnekultur, med songleikar, rim, regler, eventyr, tradisjonsleiker osv.

#### **Kjenneteikn på måloppnåing:**

- Barna blir stimulerte til bruk av kreativitet og fantasi gjennom deltaking i kulturaktivitetar
- Barna får positive opplevelingar og følelse av meistring gjennom kulturaktivitetar
- Personalet lar barna utforske lokal historie og nærmiljøet og bruke lokale kulturminner
- Barna blir kjende med forskjellige kulturar gjennom song, dans eller måltid.

#### **Forslag til tiltak:**

- Leggje til rette for kreativ bruk av materiell
- Dekorere lokala med produkta våre
- Fylgje årstidene og høgtidene
- Teater/danse-grupper
- Songleikar
- Gamle spel
- Bruke formingsromma på skulen

## **Sosial kompetanse**

**Mål:** Alle barn i SFO skal oppleve omsorg, trivsel og trygghet som støttar og fremmar utviklinga deira av sosial kompetanse.

Barna sin dag skal vere prega av tydelege grenser og reglar. Dei bygger på dei same reglane som skulen og kommunen har utarbeidd, med unntak av punkt § 6.2 i Vindafjordskulen som går på



---

bortvising av elevar. SFO er eit frivillig tilbod og ei betalt teneste og elevar kan såleis IKKJE bortvisas frå dette tilbodet, men rettleias til å tilpasse seg gjeldande reglar.

SFO er en viktig sosial arena, og det er viktig at skulen sitt arbeid med sosial kompetanse blir vidareført også her. SFO skal gi omsorg gjennom å skape trygghet, trivsel og toleranse og tilby eit variert utval av aktivitetar. Me ynskjer å bygge opp sosiale dugleikar med aldersblanda grupper med stor grad av valfridom.

Me ynskjer å bygge sjølvstendige og sjølvhjelpe barn som held avtalar og følgjer skulen og SFO sine reglar for å lage et best mulig læringsmiljø. Me har valt tre overordna reglar:

- Vis Omsorg
- Vis Ansvar
- Vis Respekt



Heilt konkret vil me auke den sosiale kompetansen via auka bruk av aldersblanding i gruppene, fokus på måltidet og bordskikk og fokus på det som er positivt. Det er også viktig at felles reglar og normer blir lært frå botnen av. Normer og reglar vil vidare bli følgt opp og halde ved like av dei tilsette regelmessig. Vindafjord kommune sin nye «*Plan for eit trygt psykososialt barnehage/skule 2020-2024*» vil også legga vekt i arbeidet med SFO-miljøet.

#### **Kjenneteikn på måloppnåing:**

- Personalet skaper trygghet og trivsel og arbeider aktivt for å førebygge mobbing
- Barna blir motiverte og inspirerte til å følgje reglar og rutinar for god samhandling
- Barna får vere med og bestemme slik at dei opplever å bli høyrde og at meininga deira betyr noko
- Personalet støttar, legg til rette og rettleiar barn i sosial kompetanse
- Personalet er gode vaksenmodellar som reflekterer over felles verdiar og vurderer eiga handling og praksis

#### **Forslag til tiltak:**

- Positiv respons på god åtferd
- Lære gode rutinar
- Lære forventa åtferd
- Bruke fellesmøta til fagleg påfyll og refleksjon
- Jobbe med å utvikle felles verdiar for å skape felles praksis



## Fysisk aktivitet og helse

**Mål:** Alle barn i SFO skal oppleve glede og meistring i fysisk aktivitet og friluftsliv tilknyting til lokalmiljøet.

Fysisk aktivitet er ei kjelde til helse og trivsel. Variert fysisk aktivitet utviklar barna sine fin- og grovmotoriske ferdighetar. For god helse, mental og fysisk utvikling er det viktig å opparbeide gode motoriske ferdigheter.

På SFO får barna bruke kroppen kvar dag i aktivitetar både ute og inne. Aktivitetane bør vere så allsidige som mulig slik at både friluftsliv, idrett og rolige aktivitetar er representert. Det skal derfor leggjas vekt på å legge til rette for leik og fysisk aktivitet.


Det er viktig at barna får prøve ut aktivitetar innan trygge og støttande rammer. Alle barna skal oppleve meistring og ei positiv oppleveling i forskjellige fysiske aktivitetar. Bruk av skulane sine anlegg og nærmiljø gir mange alternativ og rom for å utfalde seg.

### Kjenneteikn på måloppnåing:

- Personalet legg til rette for deltaking i varierte fysiske aktivitetar, ute og inne
- Barna får positive opplevingar og følelse av meistring i ein eller fleire aktivitetar
- Barna er gjort kjent med forholda for friluftsliv og fysisk aktivitet i nærområda

### Forslag til tiltak:

- Tilpassa aktivitetar til aldersgrupper og funksjonsnivå
- Instruere i ulike ferdigheter og motivere til å vere med
- Formidle kunnskap og haldningar om fair play og lag spel
- Dra nytte av lokale forhold





## Evaluering:

- Utøving av vaksenrolla og reglar blir evaluerte kvar månad på personalmøte
- Kunst og kulturaktiviteter blir gått gjennom av personalet kvart halvår
- Foreldre evaluerer SFO gjennom eigen foreldreundersøking minst anna kvart år
- SFO-koordinator evaluerer Kvalitetsplanen for Vindafjord kommune kvar vår på leiarmøte
- SFO-planen må reviderast når ny læreplan trer i kraft august 2020





## Vedlegg:

### Døme på månedsplan:

<b>Månedsplan oktober</b>	1..Smøremat og kakao  FFFA,playmo, Lesekrok (Hakkebakkeskogen) hammermosaikk dukkekrok, kapla	2. Spaghetti  12.10 oppop/Gymsal 13.30 Mat <b>Etter mat!</b> <b>Spaghettitårn</b> <b>konkurranse</b> <b>Kven lagar høgast tårn?</b> <b>Lage grupper.</b> <b>Møte: 4.kl og 2.kl</b>	3. Youghurt  FFFA, Lesekrok (Hakkebakkeskogen) magnetar, Groovygirls, tegna, uno, Lego	4. Graut  11.25 oppop og frileik 12.10-13.30 uteleik. <b>12.45 Bingo for alle!</b> <b>13.30-14.15 Kafe</b> Grupper: FFFA, Tur i skogen,tegna, Fingerhekling,
7.  Haustferie	8.  Haustferie	9.	10.  Haustferie	11.  Haustferie
14.Smøremat <b>Haustveke:</b> FFFA, groovygirls, tegna Villkatten, Lego, plus plus, Lyslykt m/pinneved	15. Smøremat  Ut, Zoob mobile, bilar, Dukkekrok, mandala Lyslykt m/ pinneved	16.Graut  12.10 Oppop/Gymsal 13.30 Mat <b>Kl 14.15 Kahoot</b> <b>Grupper:</b> <b>FFFA:</b> <b>Tarzan/Fotball</b> <b>Valgfritt inne</b>	17.Smøremat  FFFA, Lyslykt med pinneved, kitt, bordtennis, clica	18.Graut  11.25 oppop og frileik 12.10-13.30 uteleik <b>12.45 4.klasse klubb</b> <b>13.30-14.15 Kafe`</b> Grupper: Tur i skogen, plus-plus, Lyslykt m/pinneved
21.  Tomatsuppa <b>Haustveke:</b> Uglebilde, tegna, FFFA,	22. Smøremat  Uglebilde Ut, bankebrett, groovygirls, playmo	23. Grønnsaksuppe  12.10 Oppop <b>Gymsal/Matgruppe</b> 13.30 Mat Grupper: FFFA, Uglebilde, Dyr, Dansegruppe kl 14.30 <b>Møte: 1.kl og 3.kl</b>	24. Smøremat  FFFA, Uglebilde, lego, tegna, biler	25. Graut  11.25 oppop og frileik 12.10-13.30 uteleik/ugle <b>13.30-14.15 kafe</b> FFFA, Mandala, Ugle bilde, playmo, turgruppe



28. Tomatsuppe  Ut, tegna, dyr, uno Zoob mobile, Krympeplast (haustblader)	29. Smøremat  Ut, dukkekrok, kapla Perla, bilar, krympeplast (haustblader).	30. Spaghetti  12.10 Opprop/Gymsal 13.30 Mat Grupper: FFFA, lego, groovygirl, Dansegruppe		



Døme på handbok/brosjyre:

# SFO

# VÅGEN SKULE

# 2019/2020

---





### LITT OM SFO VED VÅGEN SKULE:

Skuleåret 2019/2020 er det 29 barn fordelt frå 1-4 klasse som nyttar seg av ordninga på skulen vår.

Du som nå har plass på SFO, har fått fast plass heilt til du går ut av fjerde klasse.

Ynskjer du å gjere endringar, eller sei opp plassen, er oppseiingstida 3mnd. Ynskjer ein å gjera endringar så skal detta gjerast på Vindafjord kommune si nettside.

Me som jobbar i SFO ynskjer at de foreldre skal ha eit trygt og godt tilbod for borna dykkar.

Me ynskjer vera ein aktiv SFO der barna skal få rikelige muligheiter for leik med andre barn i trygge omgivnader, og ha vaksne rundt seg som både ser og viser omsorg for kvar enkelt barn.

Vågen skule er ein Zero skule som betyr at me har null toleranse for mobbing.

Dette med å ha gode haldningar, vera ein god ven og at me skal vera inkluderande i leiken er noko som me heila tida har fokus på.

I lag med borna har me difor laga eigne reglar som beskriv korleis me skal ha det på SFO.

Viktig at borna er med på denne prosessen slik at dei får eit eigar forhold til reglane.

På SFO jobbar dei vaksne også etter Løft – metodikken. Det er ein metode som fokuserer på barnas positive sider. Me går på lysglimtjakt og deler ut perler og «Eg kan merke»





På SFO legg me vekt på eit godt samarbeid med foreldra.

Dette gjer vi ved å ha foreldremøte kvar haust og kontakt ved henting og levering.

For at kontakten skal vera best mogeleg, likar me at de tar kontakt med oss. Bruk meldingsboka om det er dagar barnet ikkje skal vere på SFO. Me sender ingen barn heim utan at me har fått melding. Gi oss og ei melding om barnet skal bli henta av andre.

SFO har sin eigen mobiltelefon! **Tlf.nr: 476 86 084** Send meld. eller ring om barnet ikkje kommer på SFO.

Viktig at me får beskjed om ikkje alt er som det skal.

**DET SKAL VERA KJEKT Å GÅ PÅ SFO!!!! ☺☺**

### **PERSONALET VED SFO 2019/2020.**

*Rektor Astrid Førsund* har det overordna ansvaret for SFO.

*Torunn H. Susort*, er koordinator og dagleg leiar for SFO. I tillegg møter barna, *Elin K. Samland, Inger Hatlevik Berge, Ingunn Lærdal, Alice Mønstre* og lærlingen *Sigrid Kaldheim*

### **FORELDREKONTAKT 2019/2020:**

På foreldremøtet 16.09.19 vart ..... valgt som foreldrekontakt.

SFO kontakt har ikkje fast plass i FAU. Men ein vil bli innkalla på saker som gjeld SFO.

### **OPNINGSTIDA ER TIL VANLEG:**

Morgon SFO er open frå 07.00-08.30 kvar dag.

Ettermiddagen:

Måndag: 14.05-16.30

Tysdag : 14.05-16.30

Onsdag: 12.10-16.30



---

Torsdag: 14.05-16.30

Fredag: 11.25-16.30

### Ferie SFO:

Ferie SFO er på Ølen Skule og kan nyttast ved påmelding via søknadsskjema for SFO. Søkjer ein midt i året må ein undersøkje med Ølen skule om ledig plass.

### Ferie SFO er open:

- Frå 2. veka i august fram til skulestart
- Haustferien
- Vinterferien
- Desember frå skuleslutt og fram til 23.12 (romjula stengt)
- Vinterferien
- Juni: frå skulelutt og ut juni månad.

Kostnad for ferie SFO er 540,- og Feriepakke redusert pris 430,- (gjeld 1.klasse)

Ein kan og nytta dagpakk i ferien etter avtale. Dette kostar 540,- pr.dag. Prisliste elles finn du inne på kommunen si nettside.

**Dei som har ferieplass møter opp på SFO i Ølen. Når du er i Ølen, må du ta med deg matpakke, innesko, byteklede og gode klær til å ha på ute som passar til været.**

### AKTIVITETAR I SFO:

Som nemnt tidlegare ynskjer me å vera ein aktiv SFO med godt innhald. Dette gjer me ved å planleggje og tilretteleggje for ulike aktivitetar som skal vera varierte, givande men og mest mogleg sjølvgåande. Me legg også vekt på at barna skal få bruke sin kreativitet, bli kjende i nærmiljøet og med ulike tradisjonar. Aktivitetane legg me i dei daglige leikegruppene våre.



---

Barna vel sjølv kva for ei leikegruppe dei ynskjer vera i, men er det fullt på ei gruppe må dei ta eit anna val. Barna må vera i leikegruppa i minst 20 min. før dei kan gå over ei anna aktivitet.

Eksempler på aktiviteter:

Uteleik, småturar, gymsal, dansegruppe, teikning/maling, perling av ulike slag. Spel, puzzlespel, formingsaktivitetar der me lager ulike produkt, ulike konstruksjonsleiker, lego, playmo..osv... me har eit godt utval med leiker å tilby. Til jul og påske vil me som før legga til rette for litt jule og påske verkstad.

Me kan og bruka eit ekstra klasserom for familiekrok eller andre aktiviteter. Dansegruppa skal me dette året utvikle litt, ved at barna kan lære litt koreografi til musikken.

Me skal og prøve oss på Kahoot!! Det er gøy! Lærlingen Sigrid har sagt ja til å prøve seg på dette. ☺

**Einstein grupper** skal me og fortsette med, det var ein suksess i fjar. Her har vi ulike forsøk, noko blei vellykka andre ting ikkje heilt som me hadde tenkt men det var spennande.

**Gymsalen** er disponibel kvar dag på ettermiddagen. Me brukar den etter ynskje og behov.

I gymsalen har vi kanonball, fotball, innebandy, ulike leiker, sangleikar, tarzanløype, danseleik, stafetter ++++

På skulen har me og eit flott uteområde som me nyttar.

Både barn og vaksne nyttar refleksvest ute. Dette gir oss betre oversikt over kven av barna som er ”våre” (Ofte andre barn som leikar ute). Og dei vaksne blir meir synlege for barna.



---

## **DAGSRYTME:**

07.00 – 08.30: Frukost for dei som ynskjer det.  
Elles roleg leik.

### **Mandag Tirsdag og Torsdag:**

SFO starter kl 14.05

Dagen starter med opprop, litt frileik og deretter mat. (ca.14.30)

Etter mat blir borna fordelt i ulike leikegrupper.

### **Onsdager:**

SFO starter kl 12.10

Dagen starter med opprop. Etter opprop så blir det gymsal/ut. Onsdagen er det mat kl. 13.30 Etter mat er det ulike leikegrupper/aktiviteter for deretter frileik fram til henting.

### **Fredager:**

SFO starter kl 11.25 med opprop og frileik inne eller ute fram til kl 12.10. Fra kl 12.10 til kl. 13.10 er alle ute å leiker, pass på at barnet har gode klær for allslags vær på skulen/SFO.

Mat kl 13.30 og deretter leikegrupper og frileik fram til SFO slutt.

## **Nytt av året!! 4. klasse gruppe!**

Me ynskjer å gje 4.klassingene våre eit løft i SFO ved å ha ei eiga gruppe for dei to ganger i mnd. **Kl. 12.45- ca.13.45**

Første samling var 13.sept – dei laga då eplekaka både med og utan eple. □

Neste samling blir 27. sept. Då er det prosjekt på sløydsalen.

Elin har ansvar for 4. klasse gruppa.

Meir info om datoar og innhald kjem etter kvart.

**Bingo for alle 1. fredagen i kvar mnd. ☺**



## **MÅLTID:**

Kvar ettermiddag blir det laga til eit enkelt måltid mat som blir fakturert med 16.- dagen.

Alle har sin faste plass ved bordet som dei skal sitta på. Me øver på dette med å komma raskt til ro og at me sitt fint på benkene, slik at alle får ei fin stund mens me et. Før maten syng me alltid eit bordvers.

Under måltidet høyrer vi nokre gonger på lydbok eller øver oss på å prate roleg i lag.

Elles pleier me ha lys på bordet og sløkkjer kanskje lyset i taket, då blir det ekstra koseleg,,,

Ein gang i veka har me Vennskapskafe! (Foreløpig fredager).

Kva betyr det?

- Barna bestemmer sjølv innanfor tidrommet 13.30-14.15 når dei vil eta og kven dei vil gå på kafe med.
- Dei må ta med seg kafe kortet sitt. (Gir oss oversikt).
- Dei kan velja kor dei vil sitja.
- Dei får lengre tid med samanhengjande leik.
- Roligare måltid.
- Ein god variasjon i forhold til dei andre dagane.

Måltid pr.i dag: Måndag: Tomatsuppe

Tysdag: Smøremat (grov brød m/ diverse pålegg).

Onsdag: Smøremat, Spaghetti eller osteskjever  
(vil variere litt).

Torsdag: Youghurt og gryn

Fredag: Graut

**Me har som mål og laga til sunn og næringsrik mat. Men kan nok henda at me enkelte gangar ”skeiar” litt ut .. ☐☐**  
**Denne matplanen kan det bli forandringar på.**





### **Mat tradisjonar:**

- Etter fjellturen m/skulen alltid pizza.  
Nissafest m/ graut med mandel.  
Fastelavenboller med krem og kakao  
Påskemåltid m/rundstykker, egg og div. pålegg.  
17.mai fest med gele og pølse i brød.  
Våren/sommaren/vinter griller me av og til ute.

### **OPNINGSTIDER:**

Opningstida for barn med fast plass i SFO følgjer skuleruta. Endeleg opningstid i skuleåret er avhengig av **ønskje og behov** frå brukarane og vert fastsett etter søknadsfristen er gått ut om våren. I tillegg til fast opningstid etter skuleruta, tilbyr kommunen opningstid i skuleferiar mot særleg betaling fordelt på året.

### **KJØP AV TID:**

Det kan være moglegheit for kjøp av ekstra tid på SFO.  
Då vil timeprisen vera på kr. 43,-

### **KLEDE OG UTSTYR:**

Gode uteklede er nødvendige. Likeeins er det nødvendig at borna har ekstra skift liggjande i hylla. Dette i tillegg til skift i skuletida. I leiken kan ein fort bli skiten eller våt, då er det godt å ha reine og tørre klede å skifta med. Og så er det dette med kven som eig kva..... **det er til stor hjelp om klede og støvlar er merka med namn.**

**Husk! Innesko på SFO!!** Borna er ein del i gongane og der er det skite og vått!!

Er og flott om barnet kan ha gymsko liggande på skulen! ☺



## **LEVERING:**

Om morgenen kommer barnet inn sjølv, eller bli følgt av ein voksen. Me har ikkje anledning til å gå ut å sjå etter barn som skulle vært her.

## **HENTING:**

Når borna vert henta i SFO, ber me om at den som hentar barnet har kontakt med ein av oss vaksne i SFO før dei tar barnet med seg. Me ynskjer og at når ein kjem og hentar så tar ein barnet med seg heim med ein gang.

Kjem du med bil, ber me om at du parkerer på parkeringsplassen fordi køyring bort til døra kan skape farlege situasjonar. Elles så ynskjer me å ha ei **mobilfri sone** her på SFO når de hentar barnet, slik at barnet føler seg sett av foreldra når dei blir henta heim etter ein lang dag på skule/SFO.

**Vær obs! på den tida barnet er innmeldt på SFO.**

**Ved for sein henting, blir det registrert på faktura og du må betale 270,- per. Påbegynt halvtime.**

Ring oss viss du blir forsein, det er tillatt.

**Tlf nr. til SFO er 47686084.**

Me treng melding om barnet skal gå heim sjølv.

Du kan gjerne lage ein fast skriftlig avtale om når barnet ditt skal gå frå SFO, då slepp du skriva ein kvar dag.





---

**SFO-koordinator har kontortid:**

Tirsdag: 09.25 - 14.05

Onsdag: 08.30 -14.05

Tlf 53 65 57 72 (kontor)

Mvh

Torunn H. Susort

SFO-koordinator

